



Meland kommune

## Møteprotokoll for Ungdomsrådet

**Møtedato:** 11.05.2017  
**Møtestad:** Formannskapssalen  
**Møtetid:** 14.30-17.30

---

**Til stades:** Silje Nordal, Daniella Josephine Fennelly (vara for Linnea D. Opdal), Ida Herland, Marius Thorvaldsen, Sisanne Slettebakken.

**Fråvær:** Simon F. Eilertsen, Thobias Mellingen, Synne Matre og Jonas Askeland.

**Desse møtte frå administrasjonen:**

Alexander Helle frå Plan, utvikling og teknisk.,  
Eirik Bower Utne frå kultur  
Reidun Elin Johannessen skulefagleg rådgivar

---

Møteleiar Silje Nordal

Møtesekretær Ane Bysheim

---

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
24/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
25/2017	Godkjenning av møtebok
26/2017	Referatsaker
27/2017	Aktuelle saker
28/2017	Kulturmidlar 2017 - uttale frå Meland Ungdomsråd
29/2017	Orientering om kyrkje- og kulturhus i Meland
30/2017	Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra

## **24/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**11.05.2017 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 24/2017 VEDTAK:**

"Innkalling og sakliste vert godkjent."

---

## **25/2017: Godkjenning av møtebok**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjent.

**11.05.2017 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 25/2017 VEDTAK:**

"Møtebok vert godkjent."

---

## **26/2017: Referatsaker**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

"Meldingane vert tekne til orientering."

**11.05.2017 UNGDOMSRÅDET**

### **UR - 26/2017 VEDTAK:**

"Referat frå UKM var utsett til neste møte grunna fråvær"

---

## **28/2017: Kulturmidlar 2017 - uttale frå Meland Ungdomsråd**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv framlegg her

Meland Ungdomsråd går gjennom søknadane og leverer uttale.

### **06.04.2017 UNGDOMSRÅDET**

#### **UR - 21/2017 VEDTAK:**

"Saka vert utsett til neste møte"

### **11.05.2017 UNGDOMSRÅDET**

Leiar for tenesteområdet kultur, Eirik Utne, går kort gjennom innstillinga i møtet. Diskusjon i møtet etter at Eirik Utne var gått. Vidare kommunikasjon på telefon med ulike spørsmål rundt enkelte summar/søknader.

Ungdomsrådet foreslo at de til neste år kunne ha eit eige møte for berre kulturmidlane, der dei gjekk gjennom alle søknadane. Dette krev 2-3 timar.

#### **UR - 28/2017 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet stiller seg bak innstilling slik den står med unntak for ein merknad: at "Gratis norskkurs og språk kafé" hos Meland Sokn skal få eit større tilskot til arbeidet med språkopplæring ettersom at Ungdomsrådet meier det er ein viktig del av integreringa i kommunen."

---

## **29/2017: Orientering om kyrkje- og kulturhus i Meland**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv framlegg her

### **11.05.2017 UNGDOMSRÅDET**

Sekretær for arbeidsgruppa som har jobba med saka «Kyrke- og kulturhus i Meland Kommune», John Fredrik Wallace hadde ein kort presentasjon av arbeidsgruppa si innstilling til rådmannen i møtet. Han gjekk kort gjennom kven arbeidsgruppa har bestått av, korleis dei har jobba og kva spørsmål dei har jobba med og eit kort samandrag av konklusjonen frå arbeidsgruppa med kva eit slikt bygg kan innhalda av funksjonar og oversikt over areal og estimerte kostnader. Han gjekk og gjennom planen for korleis det skal jobbast vidare med saka.

### **UR - 29/2017 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet stiller seg positive til utvikling av kulturfasilitetar i nærområde med tilrettelegging for møteplassar mellom eldre og unge og at prosjektet tek med gode, tilrettelagte aktivitetsområde ute. Behova for kommersielt område må utgreias ytterligare. Biblioteket må involverast i ei vidare utgreiing av behov. Ungdomsrådet ønskjer å fylgje saka vidare i prosessen."

---

## **30/2017: Områdeplan for Midtmarka og Rotemyra**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Skriv framlegg her

### **11.05.2017 UNGDOMSRÅDET**

Aleksander Helle persenterte kort saka i møtet. Han gjekk gjennom bakgrunnen, med fokus på byggetrinn 1 og redegjør for bakgrunnen for endringar i planområde. I nord er det for å betre tilkoblingar av veinett og utvikling av naturområde til fritidsføremål. I sør er behovet frå veivesenet i forhold til ei utviding av E39, behov knytta til lokalvei i byggefase 1 og sykkelsti.

### **UR - 30/2017 VEDTAK:**

"Ungdomsrådet er for utvidinga i Nord, men ønskjer ei tydeligare avklaring for planane rundt utvidinga i sør."

---